



Sakliste årsmøte 13. mai 2024

1. Årsberetning
2. Rekneskap
3. Bridge i skulen, v/Tarjei
4. Kveldskontigent
5. Val
6. Eventuelt

Vel møtt!

www.osbk.no



ÅRSMELDING 2023-2024

Styret har vore sammensett slik:

Leiar:	Leif Fjellro
Kasserar:	Linda Rasmussen
Styremedlemmer:	Leif Juvik, Wenche T. Nyborg, Joleiv Midttveit
Revisor:	Kåre Kristiansen
Valkomite:	Bjørn Hauge og Frode Dyrstad

Styremøte

Tre styremøte er avvikla i perioden. Elles held styret kontakt via e- post/telefon.

Spelekveldar

Det er blitt avvikla 35 spelekveldar i perioden. I tillegg til dei ordinære spelekveldane blei det avvikla 3 turneringar på Herdla i forbindelse med klubbturen der i januar, og juleturnering i Eldresenteret 30. desember. I juniorklubben er det avvikla ca 20 spelekveldar på biblioteket. Dessutan var klubben på tur til Ulvik saman med Bergen Akademiske i september og på treningsleir på Fanahytten saman med juniorane til Åsane i april.

Aktivitetsnivå

Oppmøtet på klubbkveldane har vore noko aukande denne sesongen. Etter at Austevoll bridgeklubb flytta speledagen sin til tysdag og vi endra start for våre spelekveldar til klokka 18.15 har òg nokre par frå Austevoll funne vegen til eldresenteret om måndagane. På dei 29 spelekveldane i perioden august - mars har det delteke 280 par, noko som gjev eit snitt på 9,6 par pr. kveld. Forrige sesongs snitt var 8,9. Snittet pr kveld i sesongen 2019-2020 (siste før pandemien) var 7,6.

Medlemmer

Klubben har ved utgangen av mars 2024 33 registrerte medlemmer. Talet ved utgangen av mars 2023 var 30. Juniorklubben har ved utgangen av mars 2023 39 medlemmer (åtte av dei vaksne resten juniorar). Talet ved utgangen av april 2023 var 25 (4 + 21)

Bridgemate/meldeboksar/kortdublering

Vi har fungerande bridgematar til 18 bord, ein server, ein printer, ei kortdubleringsmaskin og meldeboksar til ca 12 bord. Skulebridgen på Lunde har overtatt meldeboksar for ca 5 bord så det bør kanskje vurderast å fylla på litt for å unngå problemar i forbindelse med avvikling av juleturnering ect.

Juniorklubben har etter tilskot frå Gjensidigestiftelsen bridge + more til 6 bord, + rikeleg med kort, mapper og meldeboksar.

Spelelokale

Alle spelekveldane i perioden er blitt avvikla i Os Eldresenter. Juniorklubben har hatt sine spelekveldar på Bjørnafjorden bibliotek, hovudbiblioteket i Bahusfabrikken. Skulebridgen på Lunde har sine aktivitetar i den gamle delen av skulen der, der dei er heldige å få låna eit klasserom med eigen nøkkel.

Grasrotandelen/momskompensasjon

Inntektene frå Grasrotandelen blei i 2023 kroner 13. 787.- mot 16.262 i 2022. Juniorklubben hadde 6.099.- i Grasrotmidlar i 2023 mot 5.017.- i 2022. Os bridgeklubb har per utgangen av 2023 17 gjevarar, juniorklubben har 6.

Os juniorbridgeklubb

Os juniorbridgeklubb hadde sin første spelekveld i februar 2018 og har no meir enn seks års drift. På haustparten 2018 blei klubben organisert som eigen klubb, og han er oppe og går med egne vedtekter, eige organisasjonsnummer ect. Dette gjer det enklare å søka på ulike støtteordningar som fins for denne type klubbar. Medlemstalet har hatt ein god auke dette året, og ved utgangen av mars 2023 er 39 medlemmer registrert i klubben (25 ved utgangen av mars 2023). Frå tre til seks bord har vore i sving på biblioteket dei fleste spelekveldane. Klubben har i løpet av perioden fått betydeleg støtte, både offentleg og frå næringslivet. Hjarteleg takk til Fana sparebank, Sparebanken Vest, Os sanitetsforening, Rema 1000 Moberg, Bufdir, BK Missklikk, SKL og Bjørnafjorden kommune ved kulturavdelinga. Også takk til Bjørnafjorden bibliotek som lar oss låna biblioteket til å ha

spelekveldane på, og Lunde Barneskule for lån av lokale til skulebridgen. Nokre bilete frå aktivitetar i klubben her:



Dei yngste i aksjon på biblioteket



Test av "klubbhuset vårt2 på Lunde



Hyttetur til Ulvik saman med Bergen Akademiske bk, september 2023



Anders og gjengen



Treningsleir Fanahytten, april 2024

VM ungdomslag

VM for ungdomslag blei spelt i Veldhoven i Nederland i perioden 31. juli - 7. august. Thea Hauge spelte for siste gong på det norske u26-jentelaget, og det blei ei avslutning med stil. Etter å ha vunne den innleiande spelninga suverent (alle mot alle), gjekk laget heile vegen til semifinale. Der blei det dessverre tap mot Polen, men laget kom kraftig tilbake og sikra bronsemedalje ved å slå Nederland klart i bronsefinalen. I tillegg til Thea spelte Agnethe Hansen Kjensli, Ida Marie Øberg, Sofie Græsholt Sjødal og Thea Lucia Indrebø på laget. Gratulerer så mykje! Nokre bilete frå ungdoms-vm her:



Det norske u26-jentelaget, Thea nummer 2
Bak frå venstre.



Bilete frå medaljeutdelinga

Bridge i skulen

Torsdag 21. september gjekk startskotet for Bridge i skulen på Lunde barneskule. 52 sjetteklasseselevar fekk då ei to timars innføring i bridge i skuletida. Vi hadde vore så heldige å få juniorverdsmeister Kaja Brekke med oss denne dagen, noko som fall i smak blant elevane.

Her er nokre bilete frå oppstarten på Lunde



52 sjetteklasseselevar fekk prøva bridge på Lunde barneskule



Ella, Emily og Jenny var blant dei som fekk prøva bridge på Lunde.



Ivrige elevar på Lunde



Stas å ha ein verdsmeister på besøk. Kaja Brekke skriv autografar så blekket sprutar.

Simultanturneringar

Klubben har som vanleg deltatt på simultanturneringane som har gått på måndagar. Ei rekkje gode enkeltresultat er det blitt, men ingen klarte å hevda seg i toppen samanlagt denne sesongen. Kåre Kristiansen blei best frå klubben med ein 47.plass. Ca 3500 spelarar har deltatt på simultanturneringar denne sesongen.

MP-treff


Måndag 4. desember blei det arrangert MP-treff med 9 par til start lokalt. På landsbasis var det 238 deltakande par, og best av våre blei Kåre Aasen - Kåre Kristiansen med ein 6. plass. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad blei nummer 14.

Os BK juleturnering

Den tradisjonsrike juleturneringa vår blei spelt laurdag 30. desember i eldresenteret. Gledeleg at så mange ville delta denne gongen, og 30 par var med å kjempa om poenga. Når turneringa var slutt var det ikkje spesielt store overraskingar i toppen av lista. Vinnarar blei som fleire gonger tidlegare Jim og Sven-Olai Høyland frå Bergen Akademiske bridgeklubb. Andreplassen gjekk til Trond Are Nitter - Jan Kristen Lutro frå Rubbestadneset BK, og tredje pallplass gjekk til Roger Træet - Øyvind Haga frå Stord bk/Sjømannsbridgen bk. Beste ospar blei Kåre Aasen - Frode Dyrstad på fjerdeplass. Øvrige lokale plasseringar i resultatdelen. Her er nokre bilete frå turneringa.



Heile 30 par deltok i juleturneringa denne gongen.



Resultatservice på storskjerm fungerte fint.



Lokaloppgjør under årets juleturnering. Carl-Otto Curran - Reidar Dale mot Herman Moberg - Sienna Vedå Vangdal.



Andreplassen gjekk til Trond Are Nitter - Jan Kristen Lutro. Her frå runden dei spelte mot Liv Bugge - Audun Gustavsen (med ryggen til).



Og vinnarar blei som så mange gonger før Sven-Olai (til venstre) og Jim Høyland.

Tur til Herdla

Den tradisjonsrike klubbturen vår til Herdla gjekk som vanleg andre helga i januar. Det blei rekorddeltaking på turen denne gongen med 20 deltakarar. Med fem bord passa det ikkje så bra med lagturnering, så vi spelte tre par- og ei singleturnering istaden. Resultata frå dei ulike turneringane i resultatdelen. Her eit par bilete frå helga på Herdla:



Frå salen på Herdla



Per Skotheim underheldt ved middagen laurdag kveld

NM klubblag

Kun Os juniorklubb hadde lag påmeldt til NM klubblag denne sesongen. Grunna låg deltaking fekk alle lag 3 kampar denne gongen. Juniorklubben tapte alle sine tre kampar, men fekk mykje god speletrening gjennom turneringa.

I tillegg til juniorklubben spelte Thea Hove Hauge på Klepp BK 4 og Carl Otto Curran på Heimdal BK 2. Thea på Klepp 2 var einaste som kom gjennom nålauget og nådde 4. runde, der det blei tap mot Kristiansand BK 2.

Seriemesterskapet 2023 - 2024

Seriemesterskapet blei som vanleg spelt over to helgar, ei på haustparten og ei på seinvinteren. Her er oversikt over avdelingar med lokal deltaking

1. divisjon, Lillehammer (12 lag)

For første gong på lenge hadde klubben deltaking på eit 1. divisjonslag, då Thea Hove Hauge spelte på lag Våge. Det blei eit tungt møte med eliten i bridge-noreg og laget hamna sist og dermed ned til 2. divisjon komande sesong.

3. divisjon avdeling E, Skei/Bergen (6 lag)

Lag Fagerbakke med Rune Fagerbakke, Bjarte Haugland, Bjørn Hauge og Frode Dyrstad spelte i denne avdelinga. Laget hamna på 5. plass, og sikra dermed billett til neste sesongs 3. divisjon.

4. divisjon, Hordaland, Bergen (6 lag)

To lag hadde lokal deltaking her. Daniel Bjørgo spelte på lag "De gjenopplivede" og vann avdelinga med god margin. Laget er dermed klar for 3. divisjon neste sesong.

Tarjei Vangdal på "Løse fugler" hamna på 6.plass og dermed fortsatt 4. divisjon på laget.

NM damelag

Helga 9. - 10. mars blei NM for damelag arrangert på Scandic Helsefyr i Oslo. 22 lag deltok i turneringa og Anne Merete Heggland og Linda Rasmussen spelte på

"Rett Vest" saman med Kate Fauskanger og Hanne Fosheim. Litt rett vest blei det òg då laget hamna sist, men likevel ei flott bridgehelg i hovudstaden.

Kretsmesterskap for par

Sist turnering denne sesongn var KM par som gjekk på Hop skole laurdag 4. mai. Det var to plassar å kjempa om til parfinalen som går i Kragerø til hausten, men ingen av para frå klubben nådde opp. Best plassering blei det på Joleiv Midttveit - Leif Juvik på 7. Plass. Øvrige resultat i resultatdelen.

Servering

Etter at Florence Østrem flytta til austlandet sommaren 2019 har vi ikkje hatt nokon til å laga vaflar og pannekaker som tidlegare. På spelekveldane har vi no normalt nytrekt kaffi og noko ferdigkjøpt, til dømes lefser eller kaker.

Økonomi

Frå og med 2022 følgjer rekneskapen kalenderåret. Dette grunna reglar for momskompensasjon frå lotteritilsynet. For 2023 fekk klubben eit resultat på 46 649, men det reelle overskotet er ca 1969.- sidan betaling for turen til Herdla denne gongen gjekk gjennom klubben. Juniorklubben hadde eit overskot på 29 891.-

Speleavgift

Årsmøtet mai 2019 vedtok å auka kveldskontigenten til kr. 70.- pr. spelekveld, men med høve til å betala for alle kveldane samla (2 gonger pr. sesong) til kroner 60.- pr. kveld. Ca 10 medlemmer betalte kveldskontigenten på sistnemnde måte denne sesongen, og vi satsar på å halda fram med den også komande sesong.

Resultatoversikt

Marit Sveaas International bridge tournament, Lillehammer 18. - 21. mai 2023

MSIBT Rookie, 19. - 21. mai (10 par)

2. Sienna Vedå Vangdal - Solveig Dræge

9. Torbjørn Mo - Reni Mjølkeråen

Bridge for alle, Storefjell 24. - 29. mai 2023

Velkomstturnering, 24. mai (33 par)

19. May Britt Krogs vold - Tor Anders Hauge, Bridge for alle/Os BK

Nibstad Minneturnering del 1, 25. mai (50 par)

5. Tor Anders Hauge - Anders Østrem, Os BK/Tønsberg BK

Formiddagsturnering fredag 26. mai, (31 par)

11. Tor Anders Hauge - Anders Østrem, Os BK/Tønsberg BK

Nibstad Minneturnering del 2, 26. mai (60 par)

37. Tor Anders Hauge - Anders Østrem, Os BK/Tønsberg BK

Formiddagsturnering laurdag 27. mai, (55 par)

11. Tor Anders Hauge - Anders Østrem, Os BK/Tønsberg BK

Ettermiddagsturnering laurdag 27. mai, (40 par)

4. Sondre Stubrud - Tor Anders Hauge, Lillehammer BK/Os BK

Formiddagsturnering søndag 28. mai, (43 par)

11. Tor Anders Hauge - Margrethe Vassøy, Os BK/Klepp BK

Sauda BK, pinsebridge 26. - 28. mai 2023

Velkomstturnering, 26. mai (20 par)

11. Tanja Cecilie Gilje - Leif Fjellro, Klepp BK/Os BK

Hovudturnering, 27. - 28. mai (25 par)

18. Leif Fjellro - Jan Ivar Wannberg, Os BK/Ølen BK

VM ungdomslag, 31. juli - 7. august 2023, Veldhoven, Nederland

U26 Women (12 lag)

3. Norge; Kaja Brekke, Thea Hove Hauge, Thea Lucia Indrebø, Agnethe Hansen Kjensli, Ida Marie Øberg, Sofie Græsholt Sjødal; Jessheim BK/Os BK/KGB Klyve-Gulset BK/Nesodden BK/KGB Klyve-Gulset BK/Nesodden BK

Norsk Bridgefestival 2023, 4. - 12. august 2023, Lillehammer

Åpningsturnering, 4. august (66 par)

13. Tor Anders Hauge - Leif Juvik

45. Torbjørn Mo - Linda Rasmussen, Os juniorbridgeklubb/Os BK

64. Sienna Vedå Vangdal - Tarjei Vangdal, Os juniorbridgeklubb/Os BK

Festivalpar 1, 5. august (24 par)

9. Torbjørn Mo - Linda Rasmussen, Os juniorbridgeklubb/Os BK

22. Sienna Vedå Vangdal - Tarjei Vangdal, Os juniorbridgeklubb/Os BK

24. Hanna Øygard - Leif Juvik, Bridge for alle/ Os BK

Festivalhandicap 1, 5. august (20 par)

4. Linda Rasmussen - Leif Juvik

20. Sienna Vedå Vangdal - Tarjei Vangdal, Os juniorbridgeklubb/Os BK

NM Mix par, 5. - 6. august (158 par)

85. Wenche Bøe Hansen, Tor Anders Hauge, BK Missklikk/Os BK

Utsiraturneringen, 19. - 20. august, Dalanaustet, Utsira

Utsira laurdag, (22 par)

21. Leif Fjellro - Birger Solvang Torgersen, Os BK/Rubbestadneset BK

Utsira søndag, (20 par)

13. Leif Fjellro - Birger Solvang Torgersen, Os BK/Rubbestadneset BK

Stavanger BK 90 år, 23. september 2023, Forus Travbane, Stavanger (23 par)

14. John Helge Herland - Thea Hauge, Klepp BK/Os BK

Os juniorbridgeklubb/BAK, klubbturnering til Ulvik, 29. september - 1. oktober 2023 (15 deltakarar)

Parturnering laurdag 30. september (6 par)

1. Morten A - Kari	41
2. Morten B - Helge	36
3. Solveig - Sienna	28
4. Torbjørn - Herman	27
Ole-Vidar - Tarjei	27
6. Isak - Anders	22

Parturnering søndag 1. oktober (6 par)

1. Tarjei - Anders	13
Leif - Helge	13
3. Herman - Torbjørn	8
Morten A. - Isak	8
5. Sienna - Laila	3
Kari - Solveig	3

Haugesund Strawberry maritim cup, 6. - 8. oktober 2023, Strawberry Maritim hotel
Haugesund

Hovudturnering, 7. - 8. oktober, (25 lag)

10. Bjørnafjorden; Rune Fagerbakke, Ole Årland, Frode Dyrstad, Bjørn Hauge; Austevoll BK/Austevoll BK/Os BK/Os BK

20. Os united; Tarjei Vangdal, Tor Anders Hauge, Leif Juvik, Kåre Aasen

BM lag 2023, realbridge hausten 2023 (8 lag)

5. Osingene; Bjørn Hauge, Tor Anders Hauge, Frode Dyrstad, Tarjei Vedå Vangdal, Joleiv Midttveit, Leif Juvik, Kåre Kristiansen

Dei fire beste gjekk til sluttspel, så femteplass var akkurat ikkje nok.

NM klubblag 2023- 2024, oktober 2023 - mai 2024, 150 lag

Os juniorbridgeklubb; Sienna Vedå Vangdal, Tarjei Vangdal, Linda Rasmussen, Leif Juvik, Tor Anders Hauge, Bjørn Hauge, Joleiv Midttveit

Heimdal BK 2; Kay Strand, Carl-Otto Curran, Kjell Ove Helmersen, Steinar Stokkeland

Klepp BK 4; John helge Herland, Thea Hove Hauge, Jan Fjælberg, Fred Arne Moen, Jan Erik Olsen

1. - 3. runde

	<u>IMP</u>	<u>VP</u>
Os juniorbridgeklubb - Rubbestadneset BK	47 - 114	1.10 - 18,90
Os juniorbridgeklubb - Bergen Akademiske BK 4	18 - 133	0.00 - 20.00
Os juniorbridgeklubb - Bergen Akademiske BK 5	28 - 94	0.85 - 19.15
Heimdal BK 2 - Namsos BK	73- 70	10.65 - 9.35
Trondheim UBK 2 - Heimdal BK 2	19 - 156	0.00 - 20.00
Lundamo BK 1 - Heimdal BK 2	89 - 47	16.68 - 3.32
Klepp BK 2 - Klepp BK 4	74 - 104	4.76 - 15.24
Klepp BK 4 - Equinor BK 1	123 - 43	19.74 - 0.26
Stavanger BK 2 - Klepp BK 4	84 - 51	15.63 - 4.37

Klepp BK 4 nådde 4. Runde, dei andre blei slått ut.

4. runde

Kristiansand BK 2 - Klepp BK 4

75 - 33

Alle lag med lokale deltakarar var med det ute av turneringa.

Solklubben Bk, Albir 4. - 18. oktober 2023, Albir Spania

Velkomstturnering, 4. oktober (26 par)

- 16. Kate Fauskanger - Linda Rasmussen, Bergen Akademiske BK/Os Bk
- 24. Grete Haugland - Ragnhild Hope, Os BK/Bridge for alle
- 25. Erik Lande - Jørgen Blix, Sarpsborg BK/Os Bk
- 26. Birgit Holsen - Marit Havelin

Albir 2, 5. oktober (27 par)

- 11. Kate Fauskanger - Linda Rasmussen, Bergen Akademiske BK/Os Bk
- 20. Grete Haugland - Ragnhild Hope, Os BK/Bridge for alle
- 24. Birgit Holsen - Marit Havelin
- 27. Anne Lise Blix - Jørgen Blix

Albir 3, 6. oktober (28 par)

- 15. Kate Fauskanger - Linda Rasmussen, Bergen Akademiske BK/Os Bk
- 25. Birgit Holsen - Marit Havelin
- 27. Berit Svandal Olsen - Jørgen Blix, Strømme-Bergen BK/Os Bk
- 28. Grete Haugland - Ragnhild Hope, Os BK/Bridge for alle

Albirlørdag, 7. oktober (13 lag)

- 12. JandJ Superstars, Kate Fauskanger, Linda Rasmussen, Jim Lurie, Jorun Siegel, Bergen Akademiske Bk, Os, Bk, Bk Ruterknekt, Seniorklubben

13. Osgjengen; Grete Haugland, Ragnhild Hope, Birgit Holsen, Marit Havelin; Os Bk, Bridge for alle, Os Bk, Os Bk

Albir 5, 8. oktober (22 par)

13. Kate Fauskanger - Linda Rasmussen, Bergen Akademiske BK/Os Bk
22. Birgit Holsen - Marit Havelin

Albir 6, 9. oktober (29 par)

28. Grete Haugland - Jørgen Blix
29. Birgit Holsen - Marit Havelin

Klubbmesterskapet Solklubben, 10. - 11. oktober (29 par)

24. Grete Haugland - Jørgen Blix

Albir 9, 12. oktober (28 par)

13. Kåre Aasen - Øystein Eriksen, Os Bk/Skien Bk
28. Grete Haugland - Jørgen Blix

Albir 10, 13. oktober (25 par)

8. Kåre Aasen - Øystein Eriksen, Os Bk/Skien Bk
25. Grete Haugland - Jørgen Blix

Albirlørdag, 14. oktober (14 lag)

10. BKRS; Solveig Jensen, Roar Jensen, Kåre Åsen, Birger Holmberg; Holmestrand Bk/Holmestrand Bk/Os Bk/KGB Klyve-Gulset Bk
14. AJJ-G; Grete Haugland, Jørgen Blix, Jim Lurie, Audun Haugerød; Os Bk/Os Bk/Bk Ruterknekt/Bjugn Bk

Kretsturnering, 2 sesjoner, 15. - 16. oktober (27 par)

13. Tor Hildre - Kåre Aasen; Skien Bk/Os Bk
27. Jørgen Blix - Grete Haugland

Mens vi venter på avgang, 17. oktober (13 par)

13. Grete Haugland - Jørgen Blix

NM par junior, 21. - 22. oktober 2023, Trondheim

Open (24 par)

9. Christian Fredrik Johnsen - Carl-Otto Curran; Målselv Bk/Os Bk

Rekrutt (8 par)

1. Solveig Dræge - Sienna Vedå Vangdal

6. Torbjørn Mo - Herman Moberg

Seriemeisterskapet 2023-2024

1. divisjon , Lillehammer (12 lag)

12. Midt-Trøndalag 2, Våge; John Kristen Våge, John Helge Herland, Ingmund Bjørkan, Thea Hove Hauge, Hilde Aas Nøst, Christoffer Abel Arntzen/ Studentenes BK/Klepp BK/Studentenes BK/Os BK/Studentenes BK/Studentenes BK

Laget går ned til 2. divisjon neste sesong

3. divisjon avd. 3 , Skei/Bergen (10 lag)

5. Hordaland 7, Fagerbakke; Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Rune Fagerbakke, Bjarte Haugland; Os BK/Os BK/Austevoll BK/Austevoll BK

Laget beheld plassen i divisjonen neste sesong.

4. divisjon Hordaland, Hop skole, Bergen (6 lag)

1. De gjenopplivede; Øystein Meling. Kenneth Edvardsdal, Daniel Bjørge, Atle Seim; Bergen Akademiske BK/Osterøy BK/Os BK/Bergen Akademiske BK

6 Løse fugler; Elisabeth Eikeland, Morten Eide, Einar Sætre, Tarjei Vangdal, Bjørg Brynie;
Åsane BK/Åsane BK/Åsane BK/Os BK/Åsane BK

De gjenopplivede er klar for 3. divisjon neste sesong.

Kvalifisering EM Mix-lag, 10. - 12. november 2023, Realbridge (7 lag)

3. Juniorlandslaget; Sofie Græsholt Sjødal, Sven-Olai Høyland, Thea Hove Hauge, Markus Lund; Nesodden BK/Bergen Akademiske BK/Os BK/Heimdal BK

Juleavslutning i Hordaland, 14. desember 2023, Zander K Hotel, Bergen (16 spelarar)

6. Tor Anders Hauge
12. Leif Juvik
14. Tarjei Vedå Vangdal
16. Linda Rasmussen

Os BK juleturnering, 30. desember 2023, Os eldresenter (30 par)

4. Kåre Aasen - Frode Dyrstad
6. Leif Juvik - Joleiv Midttveit
12. Reidar Dale - Carl-Otto Curran
13. Leif Fjellro - Anita Snilstveit; Os BK/Sotra BK
16. Tarjei Vedå Vangdal - Tor Anders Hauge
17. Eva Hårklau - Trond Arne Tvedt
26. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger; Os BK/Bergen Akademiske BK
27. Harald Ulland - Grete Haugland
28. Jørgen Blix - Jan Hjermann
30. Herman Moberg - Sienna Vedå Vangdal; Os juniorbridgeklubb/Os juniorbridgeklubb

Klubbtur til Herdla, 13. - 14. januar 2024 (20 deltakarar)

Herdla 1, laurdag formiddag

1. Trond Arne - Eva
2. Leif F - Anita
3. Per - Hans Victor

Herdla 2, laurdag ettermiddag

1. Anne - Bjørn
Leif J - Kåre
3. Leif F - Anita

Herdla single, laurdag kveld

1. Bjørn
2. Eva
Kåre

Herdla 4, søndag (trekt makker)

1. Bjørn - Jarle
2. Bjørg - Kate
3. Wenche - Tor Anders
Tarjei - Hanne

MSIBT online PRO/AM - b-finale, 3. mars 2024, realbridge (38 par)

36. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad

NM damelag 2024, 9. - 10. mars 2024, Scandic Helsefyr Hotel Oslo (22 lag)

22. Rett vest; Linda Rasmussen, Anne Merete Heggland, Kate Fauskanger, Hanne Fosheim;
Os BK/Os BK/Bergen Akademiske BK/Åsane BK
-

BK Missklikk-kvalifisering til NM-finalen - pulje 1, 8. mars 2024, Realbridge (16 par)

12. Anders Østrem - Bjørn Hauge, Nøtterøy BK/Os BK

BK Missklikk-kvalifisering til NM-finalen - pulje 2, 15. mars 2024, Realbridge (16 par)

13. Wenche Bøe Hansen - Tor Anders Hauge; BK Missklikk/Os BK

Ingen av para vidare til finalen.

Påskebridge på Scandic Hamar

Velkomstturnering 22. mars (8 par)

3. Anders Dræge - Tarjei Vangdal; Bergen Akademiske BK/Os juniorbridgeklubb

Påskelag, , 23. - 24. mars 2024, Scandic Hamar (28 lag)

27. DræVan; Solveig Dræge, Sienna Vedå Vangdal, Tarjei Vangdal, Anders Dræge; Os juniorbridgeklubb, Os juniorbridgeklubb, Os juniorbridgeklubb, Bergen Akademiske BK

Jærpåskan, 29. mars 2024, Borehallen (33 par)

8. Thea Hove Hauge - Bjørn Hauge; Klepp BK/Os BK

Fanahytten 2024, 5. - 7. april, 2024, Fanahytten Bergen (4 lag)

1. Flamingo; Sverre Tresselt, Linda Rasmussen, Ada Folgerø Tyssøy Holen, Leif Juvik
2. Cowboy; Ferdinan Grude Borgen, Isak Thorsen, Iben Askvik Drønen, Marielle Bygnes, Tarjei Vangdal, Solveig Dræge
3. Brillebjørn; Inger Hilda Kobberød, Sienna Vedå Vangdal, Reni Mjølkeråen, Celine Bay Trøen
4. Gamle folk; Jenny Jansen-Søndergaard, Elise Dahl-Paulsen, Steffani Moen Dyrstad, Othilie Mikkelsen Sælmyr

Km lag Hordaland, 13. april 2024, Hop skole, Bergen (6 lag)

4. Halei; Anders Dræge, Bjørn Hauge, Liv Bugge, Hilde Larsen; Bergen Akademiske BK, Os BK, Bergen Akademiske BK, Bergen Akademiske BK

Km Mix-lag Rogaland, 14. april 2024, Gamlaværket, Sandnes (6 lag)

2. The A Team; Sjur Nedrebø, Mona Lindstrøm, Thea Hove Hauge, John Helge Herland

Km par Hordaland, 4. mai 2024, Hop skole, Bergen (12 par)

7. Leif Juvik - Joleiv Midttveit

10. Tor Anders Hauge - Bjørn Hauge

11. Leif Fjellro - Elisabeth Eikeland, Os BK/Åsane BK

Rekneskap for Os bridgeklubb

	Året 2023	Året 2022
Inntekter		
Kvelds og årskontingent – bank	22 590.00	9 490.00
Kvelds og årskontingent mm – vipps	83 364.00	67 079.00
Kontant kiosk	0.00	2 472.00
Grasrotandel	12 505.00	33 393.00
Momskompensasjon	8 526.00	4 838.00
Nyttårsturneringa	13 138.00	
Sum driftsinntekter:	140 123.00	117 272.00
Utgifter		
Leige av lokaler	49 325.00	55 500.00
Premier	650.00	522.00
Kontingent NBF	10 200.00	12 200.00
Diverse NBF – serviceavgift	16 099 .00	13 865.00
Varekjøp	3 807.00	11 152.00
Gebyr	126.00	180.00
Andre kostnader	2 144.00	6 328.00
Støtte	3 600.00	7 900.00
Nyttårsturneringa	10 254.00	
Sum driftsutgifter:	96 205.00	107 647.00
Renteinntekter og utbytte	2 731.00	788.00
Resultat:	46 649.00	10 413.00

Balanse pr. 31. 12 2023

Sparekonto: 77 048

Brukskonto: 78 122

Totalt 155 170

Balanse pr. 31. 12 2022

Sparekonto: 5 516

Brukskonto: 103 005

Totalt 108 521

Noter

- Overskotet på kr 46 649 kjem av at det var innbetalt eit forskot på kr 44 680 for «Herdla 2024». Det reelle overskotet er då kr 1 969.
- Leige av lokale for Nyttårsturneringa på kr 1100 vart betalt saman med klubbkveldane for månaden desember 22. - Husleige blir betalt etterskotsvis

Lif Bjella

Kåre Kristinsen

Linda Rasmussen

Rekneskap for Os juniorbridgeklubb

	Året 2023	Året 2022
Grasrotandel	5 824.75	7 472.00
Tilskudd juniorarbeid	155 000.00	170 500.00
Reisestøtte	7 793.00	0.00
Momskompensasjon	23 754.00	1 755.00
Diverse		24 050.00
Sum driftsinntekter:	192 371.75	203 777.00
Utgifter		
Kontingenter	1 900.00	100.00
Varekjøp	0.00	29 718.00
Gebyr	494.50	566.00
Støtte turneringaktivitet	0.00	143 322.00
Premier	0.00	39 538.00
Klubbkvelder	26 769.80	30 408.00
Annonsering	0.00	7 875.00
Møter	0.00	1 358.00
Diverse	1 600.00	47 040.00
Skolebridge	51 515.75	
Reiseutgifter	80 487.33	
Sum driftsutgifter:	162 767.38	299 925.00
Renteinntekter og utbytte	287.00	378.00
Resultat:	29 891.37	- 95 770.00

Balanse pr. 31. 12 2023

Sparekonto: 0.00
Brukskonto: 90 926
Totalt 90 926

Balanse pr. 31. 12 2022

Brukskonto: 61 035
Totalt 61 035

Kåre Kristinsen

Sanje Vangdal

Linda Rasmussen